

August 2024

Det skjer

Kultur



alver.kommune.no/aktivitetskalender



Skatedag i Knarvik



Måndag 12. august kl. 12.00-16.00
Ved Knarvik gamle barneskule

BUA stiller med skateboard og utstyr som ein kan låne. Det kjem instuktørar frå Bergen Skateboardklubb.

Alle kan delta, born under 5.klasse må kome i følgje med vaksen.

Ein kan og vere inne på Knarvik-klubben og teikne, perle, spele brettspel etc.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Ung Alver, BUA og Bergen skateboardklubb med midlar frå Bufdir.



Sommar på biblioteket

HOBBYVERKSTAD: BOKMERKE - TIMEPLAN

Sjølvgåande klipp- og limverkstad der me lagar bokmerke av ulike materiale. Me har og timeplanar ein kan dekorera. Passar frå ca. 5 år.

TYS DAG 13. AUG KL. 11-15

på biblioteket i Knarvik og på Manger!



Sommar på biblioteket

BRETTSPELDAG MED BRETTSPILLKLUBBEN

Nordhordland brettspillklubb far med seg ulike spel på biblioteket og inviterer til brettspeling.

14. AUG KL. 12:00 - 14:00

på biblioteket i Knarvik



HIP HOP DANSEKURS OG UNGDOMSKLUBB



TYSDAG 13.AUGUST

Klubbkveld og dansekurs i Lindåshallen
Klokka 14.30-20.00 ungdomsklubb og
dansekurs kl. 17.00-20.00.

Ulike aktiviteter på klubb som biljard,
gaming og bordtennis.

Instruktører på hip hop dansekurs er
Celina&Olivia.

Ingen påmelding.

Alder: 8.klasse-3vgs

Nye 8.klassingar kan delta.

KLUBBKVELD OG DANSEKURS FREKHAUG

Onsdag 14.AUGUST- Klubbkveld og dansekurs på Frekhaug
Klokka 14.30-20.00 ungdomsklubb og dansekurs kl. 17.00-20.00.

Ulike aktivitetar som biljard, gaming og hobbyverkstad.
Instruktører på hip hop dansekurs er Celina&Olivia.
Ingen påmelding.

Frekhaug ungdomsklubb



Onsdag 14. august

kl.14.30-20.00 ungdomsklubb

kl. 17.00-20.00 dansekurs

Meieriet, Havnevegen 68, Frekhaug

Onsdag 14. august blir det klubbkveld og dansekurs på Frekhaug ungdomsklubb/ Meieriet. kl.14.30-20.00 ungdomsklubb (dansekurs kl. 17.00-20.00).

Ulike aktivitetar på klubben, som biljard, gaming og bordtennis.

Instruktører på hip hop- dansekurs er Celina&Olivia. Inga påmelding.

Alder: 8.kl-3vgs

Nye 8.klassingar kan delta.

BJØRN WEST Geir Hitland

Historiske spor i Matrefjellene

Med forord av forsvarssjef Eirik Kristoffersen



Bjørn West- historiske spor i Matrefjellene



Onsdag 14. august

kl. 18:00 Biblioteket i Knarvik

2. etasje AMFI Knarvik

Forfattar Geir Hitland har gitt ut den nye boka «Bjørn West- historiske spor i Matrefjellene» og kjem til biblioteket i Knarvik for å fortellja om boka.

Leiar på Bjørn West-museet, Arnold Matre orienterer om Bjørn West-museet og arbeidet med å formidla og fornya den lokale krigshistoria.

Etterpå blir boksal/signering.
Arrangementet er gratis.



Torsdagsmiddag



Kvar torsdag: 15.8, 22.8, 29.8 og
5.9 kl. 13 Prestegarden, Manger

Vil du treffa andre og eta middag ilag?
Då er du velkomen til middag hjå oss!

Vi serverer heimelaga middag med
dessert og kaffi. Middag serverast kl.
13:00, og du kan bestille fram til kl. 11
same dag. Ring Manger frivilligsentral
på tlf 45327048.

Pris kr 120,- kan betalast kontant
eller med vipps. Velkommen.



Lån det du vil til
sport, leik og friluftsliv
Heilt gratis!

www.bua.no



Barnelaurdagar

-Biblioteket i Knarvik, på Frekhaug og Manger



Hobbyverkstad: Maleverkstad

LAURDAG 17. AUGUST KL. 11- 15

Sjølvgåande maleverkstad der ein kan mala bilete med vassfargar. Me set fram utstyr. Passar frå ca. 3 år.



Hobbyverkstad: Monsterverkstad

LAURDAG 24. AUGUST KL. 11- 15

Monsterverkstad- Kom og lag monster på biblioteket! Sjølvgåande hobbyverkstad. Passar frå 4 år og oppover.



Hobbyverkstad: Perleverkstad

LAURDAG 31. AUGUST KL. 11- 15

Sjølvgåande perleverkstad: Me set fram perler så du kan laga deg noko fint, armband, smykke eller noko anna. Passar frå 4 år og oppover.



Hobbyverkstad: Teikneserie

LAURDAG 7. SEPTEMBER KL. 11- 15

Sjølvgåande teikneserieverkstad: Lag din eigen teikneserie! Me set fram ark, snakkebobler, og tusjer. Passar frå 4 år og oppover.





Bok- og strikkekafé



Annakvar tysdag i partalsveker
kl. 12:00: 20. aug og 3. sep
Frivilligsentralen Frekhaug
Frivilligloftet, Havnevegen 45

Ta med deg eit handarbeid, og møt opp.
Me serverer kaffi, te og boktips.

Det er kun trappetilgong på frivilligloftet.
Arrangementet er gratis.



**TEIKNEVERKSTAD
PÅ MEIERIET**

Onsdag 21.august arrangerast det
Teikneverkstad med Sigrid Fivelstad på
Frekhaug ungdomsklubb/ Meieriet
Klokka 17.00-19.30
Alder 5.klasse og oppover.
Det kreves ingen forkunnskapar. velkomen
til deg som allereie likar og teikne og til deg
som er nyfiken.
Sigrid er ein dyktig kunstnar med
engasjement for unge kreative sjeler.



Teikneverkstad



Onsdag 21.august
kl. 17:00-19:30 Meieriet,
Havnevegen 68, Frekhaug

Onsdag 21.august vert det arrangert
Teikneverkstad med Sigrid Fivelstad på
Frekhaug ungdomsklubb/ Meieriet klokka
17.00-19.30 Alder 5.klasse og oppover.
Det krevst ingen forkunnskapar.

Velkomen til deg som allereie likar og
teikne og til deg som er nyfiken. Sigrid er
ein dyktig kunstnar med engasjement for
unge, kreative sjeler.



Ope på Holmestova og Sjøbua under Kystsogedagane på Holmeknappen



Laurdag 24. august og
søndag 25. august kl. 11.00-16.00
Holmeknappen 19, Frekhaug

Dei tradisjonsrike Kystsogedagane på Holmeknappen byr på ei rekkje aktivitetar og eit yrande folkeliv. Alver kommune held ope på Holmestova og Sjøbua for besøkjande.

For meir informasjon, sjå
[https://www.facebook.com/
KystsogedaganeHolmeknappen/](https://www.facebook.com/KystsogedaganeHolmeknappen/)



Sjakk



Sjakk på biblioteket i Knarvik
Annakvar laurdag kl. 12:00:
Frå laurdag 24. august
2. etasje AMFI Knarvik

Bli med på sjakk på biblioteket, der du kan møte andre som deler di interesse for det klassiske spelet. Vi set fram sjakkbrett og sjakk-klokker, så alt du treng å ta med er speleferdigheita di.

Arrangementet er heilt gratis og ope for alle, uansett alder eller nivå. Her kan du møte både erfarne sjakkspelarar og nybyrjarar som ønskjer å lære meir om spelet. Vi tilbyr også enkel servering, slik at du kan ta ein liten pause mellom spela og slå av ein prat med andre deltakarar.

Uansett om du er ein sjakkentusiast eller berre nyfiken på spelet, er du hjarteleg velkomen til å delta.



Frivilligdagen i AMFI Knarvik



Laurdag 24. august kl. 11-15
AMFI Knarvik

AMFI Knarvik og Alver Frivilligsentralar inviterer til Frivilligdagen laurdag 24. august kl. 11-15. Her vil lag og organisasjonar vise fram sine ulike aktivitetar og rekruttere nye medlemmer. Kanskje finn du deg ein ny hobby denne dagen? Vi gler oss til ein kjekk dag med flotte stands, masse aktivitet, informasjon og god underhaldning.

Ved spørsmål ta kontakt med frivilligsentral@alver.kommune.no



Framsyning: Askeladden og de gode hjelperne



Laurdag 24. august
kl. 12:00 biblioteket på Manger
Idrettsvegen 15, Manger
kl. 14:00 biblioteket i Knarvik,
AMFI Knarvik

Det var ein gong ein konge, som hadde høyrte tale om eit skip som gjekk like godt til lands som på vatn og i lufta. Kongen ville også ha eit slikt.

Til den som kunne byggja det, lova kongen ut kongsdottera og halve kongeriket. Det var mange som prøvde, for halve riket kunna vera godt å ha, og kongsdottera kunne vera bra å ha att-på. Men ille gjekk det med dei fleste.

Målgruppe: barn frå 2 år – Varigheit ca. 35/40 min. Arrangementet er gratis.



Babytreff på biblioteket i Knarvik



Annakvar måndag 26. august
kl. 11- 13 Biblioteket Knarvik
2. etasje AMFI Knarvik

Velkomne til ein koseleg og sosial møteplass for heile familien. På biblioteket i Knarvik inviterer vi til litterært babytreff annan kvar måndag frå kl. 11 til 13. Her kan de bli med på song og lesing, medan vi delar tips om gode bøker for både små og store.

Vi tilbyr også enkel servering, så de kan nyta ein kopp kaffi medan de knyter nye band med andre foreldre og born. Dette er ein perfekt stad for å kose seg med dei minste i eit trygt og triveleg miljø. Velkomne til store og små!



Forfattarkveld med Ruth Lillegraven



Måndag 26. august
kl. 18 Biblioteket Knarvik
2. etasje AMFI Knarvik

Velkommen til ein spennande kveld med den anerkjende forfattaren Ruth Lillegraven. Under arrangementet vil det bli ein samtale om bøkene hennar, inspirasjonskjelder og skriveprosess, og dessutan høgtlesing frå nokon av bøkene. Dette er ein gyllen moglegheit til å bli betre kjent med ein av Noregs mest framstående forfattarar.

Arrangementet er gratis, så ta med deg vener og familie for ein kveld fylt med litterær glede og refleksjon. Me gler oss til å sjå deg på biblioteket!



Dungeons & Dragons



Annakvar torsdag oddetals veke
frå 29. aug kl. 14:30- 16:30
på biblioteket i Knarvik,
2. etasje AMFI Knarvik

Dungeons & Dragons: Det legendariske rollespelet som først såg dagens lys på starten av 70-tallet, og som i dei seinare åra har fått ein renessanse i moderne populærkultur, som i seriane The Big Bang Theory og Stranger Things.

No kan du spela Dungeons & Dragons på biblioteket. Nybegynnarar såvel som meir erfarne spelarar er velkomne til å delta. Ein frå biblioteket er "Dungeon Master" og vil leia spelet.

Friluftsdagen for heile familien



Laurdag 31.august
Kl. 12.00-16.00 Byngja, Kvalheim

Aktivitet som leiting etter liv i fjøra, sup, kajakk og fridykking. Det vert servert enkel mat. Det er to gratis kurs i fridykking. Her er det påmelding. All anna aktivitet krev ikkje påmelding.

Kurs 1 kl. 12.00-13.30 for 5.kl-7.kl
Kurs 2 kl. 14.00-15.30 for 8.kl-1.VGS
Påmelding stenger torsdag 29.08 kl. 23.59.

Arrangementet er ein del av Friluftslivets veke. Arrangørar: BUA, Ung Alver og Radøy ungdomsklubb. Samarbeidspartnarar frivannsliv og Kvernbit kajakk. Ope for alle. Barn under 5.klasse må komme i følgje med vaksen. Påmeldingslink, scan QR-kode.



FRILUFTSDAG FOR HEILE FAMILIEN

Det er to gratis kurs i fridykking. Her er det påmelding. All anna aktivitet krev ikkje påmelding.
Kurs 1 kl. 12.00-13.30 for 5.kl-7.kl
Kurs 2 kl. 14.00-15.30 for 8.kl-1.VGS

Påmelding startar måndag 12.august kl. 12.00 og stenger torsdag 29.08 kl. 23.59.
Påmeldingslink: [TRYKK HER](#) eller scan QR-kode

Laurdag 31.august
Sted: Byngja, Kvalheim
Kl. 12.00-16.00
For alle
Barn under 5.klasse må komme i følgje med vaksen.
Aktivitet som leiting etter liv i fjøra, sup, kajakk og fridykking.
Det serverast enkel mat.

Arrangementet er ein del av Friluftslivets veke
Arr: BUA, Ung Alver og Radøy ungdomsklubb
Samarbeidspartnarar frivannsliv og Kvernbit kajakk





Bli med på kviss på biblioteket!



Måndag 2. september kl. 19:00
på Manger bibliotek
Idrettsvegen 15

Er du klar til å teste kunnskapene dine og ha det gøy samstundes? Bli med på ein spanande og morosam kviss-kveld på biblioteket. Vi set saman ein underfundig kviss med eit breitt utval av tema – her blir det noko for alle, uansett kva du er interessert i!

Vi byr på kaffi, te, og litt lett servering, slik at du kan nyte noko godt medan du konkurrerer med og mot andre. Kvissen er heilt gratis og open for alle – det viktigaste er å ha det hyggeleg saman.



Fikseloftet



Annakvar tysdag:
frå 3. september kl. 18-20
Frivilligsentralen Frekhaug
Frivilligloftet, Havnevegen 45

I haust vert det redesign, klesreparasjon & sytreff på Frekhaug frivilligsentral med NH Husflidslag!

Ta med klede du vil reparere, handarbeid eller syprosjekt. Her kan du sy, hekle, strikke eller brodere. Vi har symaskiner du kan bruke og vi hjelper etter behov.

Fikseloftet er opene for alle!



Språkkafé



Kvar tysdag- oppstart 3. sep
kl. 12:15 Biblioteket i Knarvik
2. etasje AMFI Knarvik

På språkkafeen snakkar vi norsk saman over ein kopp te eller kaffi, og diskuterer ulike tema. Tilbodet er gratis og for vaksne. Alle er velkomne same kor mykje eller lite norsk du kan.

At the language café, we speak Norwegian together over a cup of tea or coffee and discuss various topics. The offer is free and for adults. Everyone is welcome, regardless of how much or little Norwegian you know.



SLEKTA MI

Slekta mi



Tysdag 3. september
kl. 13 Knarvik frivilligsentral
Kvernhusmyrane 20

Knarvik Frivilligsentral samarbeider med Lindås sogelag og Lindås bygdeboknemnd om temaet slektshistorie.

Me inviterer til opne samlingar første tysdag i månaden, kl. 13-15 og somme gonger med temasamling og ekskursjonar på kveldstid. Gratis.

Ungdom i Alver?

Ung Alver har fem ungdomsklubbar i Alver Kommune. Klubbane er opne for alle ungdomar mellom 8.trinn og 3.vgs.

**Knarvik Ungdomsklubb: Måndag kl.12.00 - kl. 17.00
og tysdag kl.14.30 - kl.20.00**

Adresse: Kvernhusmyrane 8, inngang A

Lindås Ungdomsklubb: Tysdagar kl. 14.30 - kl. 20.00

Adresse: Lindås idrettshall, 2 etasje

Entry Ungdomsklubb: Onsdagar kl. 14.30 - kl. 20.00

Adresse: Eidavegen 1, 2 etasje

Frekhaug Ungdomsklubb: Onsdagar kl.14.30 - kl.20.00

Adresse: Havnevegen 68, 2 etasje

Radøy Ungdomsklubb: Torsdagar kl. 14.30 - kl. 20.00

Adresse: Idrettsvegen 13, 2 etasje i Radøyhallen

**Aktivitetar på klubbane
er til dømes:**

- Gaming
- Brettspel
- Sjå film
- Høyra musikk og mykje meir.

**Klubbane har kiosk der
ein kan kjøpe enkel mat,
drikke, snop og snacks.**



Dansekurs Hip-Hop med Celina og Olivia



Dansekurs Hip-Hop med Celina og Olivia

Laurdag 07.09 og søndag 08.09

Kl. 11.00-14.00 Laurdag og søndag

For 5.kl-7.kl

Stad: Dansesalen i **Alverhallen**

Plass. 25 stk


Enkel servering, ta med drikkeflaske.

For påmelding scan qr kode eller trykk på bilde.

Open fram til 30.08 kl. 23.59.

Påmelding dansekurs. Hip-Hop
med Olivia og Celina





alver.kommune.no/aktivitetskalender